



# Planinitiativ for gnr. 229 bnr. 6 m.fl Bjørsvik – Alver kommune

---

## OPPDRAGSGIVER

Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk

## EMNE

Planinitiativ

**DATO / REVISJON:** 17. mars 2026 / 01

**DOKUMENTKODE:** 10258928-PLAN-PBL-01





Dette dokumentet har blitt utarbeidet av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapets klient. Klientens rettigheter til dokumentet er gitt i den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjeparter har ingen rettigheter til bruk av dokumentet (eller deler av det) uten skriftlig forhåndsgodkjenning fra Multiconsult med mindre annet følger av norsk lov. Multiconsult påtar seg intet ansvar for bruk av dokumentet (eller deler av det) til andre formål, på andre måter eller av andre personer eller enheter enn det som er godkjent skriftlig av Multiconsult. Deler av dokumentet kan være beskyttet av immaterielle rettigheter og/eller eiendomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, behandling eller annen bruk av dokumentet er ikke tillatt uten skriftlig forhåndssamtykke fra Multiconsult eller annen innehaver av slike rettigheter med mindre annet følger av norsk lov.



## Planinitiativ for gnr. 229 bnr. 6, Bjørsvik – Alver kommune

OPPDRAG	Detaljreguleringsplan Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS	DOKUMENTKODE	10258928-PLAN-PBL-01
EMNE	Planinitiativ	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk	OPPDRAGSLEDER	Linda Djuvik Sønstabø
KONTAKTPERSON	Svein Nøttveit	UTARBEIDET AV	Astrid Vangdal

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
01	17.03.26	Planinitiativ, ny oppstart	A.Vangdal	Lise M. Laskemoen	L.D.Sønstabø
00	9.10.24	Planinitiativ, vedlegg til søknad om oppstartsmøte	A.Vangdal, S.Renslo	Lise M.Laskemoen	S.Renslo



## INNHOLDSFORTEGNELSE

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1	Forslagsstillar og plankonsulent .....	5
<b>2</b>	<b>Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a) .....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g) .....</b>	<b>6</b>
3.1	Statlege retningslinjer og overordna planar .....	6
3.1.1	Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2023-2027.....	6
3.1.2	Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. ....	6
3.1.3	Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging.....	6
3.1.4	Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024), fastsatt 20.12.2024 .....	6
3.1.5	Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995), fastsatt 20.09.1995 6	6
3.1.6	Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, fastsatt 24.01.2025 .....	7
3.1.7	Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen .....	7
3.2	Regionale planar og føringar .....	7
3.2.1	Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 .....	7
3.2.2	Andre regionale retningslinjer som gjeld for planområdet: .....	7
3.3	Lokale planar og føringar .....	7
3.3.1	Gjeldande kommuneplan .....	7
3.3.2	Interkommunalplan for sjøareal, Nordhordland.....	9
3.3.3	Stategisk næringsplan 2023-2035 .....	9
3.3.4	Andre lokale retningslinjer som gjeld for planområdet: .....	9
3.4	Gjeldande reguleringsplan.....	9
3.5	Tilgrensande planar .....	10
3.6	Forholdet til eventuelt pågåande planarbeid .....	11
3.7	Naudsynte løyve etter anna lovverk.....	11
<b>4</b>	<b>Planområdet og omjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b) .....</b>	<b>12</b>
4.1	Førebels plangrense .....	12
4.2	Skildring av eksisterande tiltak og sjøbotn.....	13
4.3	Skildring av nærområdet.....	15
4.3.1	Naturmangfald .....	15
4.3.2	Naturmangfald i sjø .....	16
4.3.3	Naturressursar .....	17
4.3.4	Fiskeri .....	18
4.3.5	Vannmiljø .....	18
4.3.6	Friluftsliv .....	18
4.3.7	Landskap .....	18
4.3.8	Forureining .....	19
4.3.9	Naturfarar .....	19
4.3.10	Samferdsel og infrastruktur.....	19
4.3.11	Kulturminne .....	20
4.4	Stadanalyse .....	21
<b>5</b>	<b>Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e) .....</b>	<b>21</b>
5.1	Skildring av tiltaket .....	21
5.1.1	Ny produksjonshall.....	21
5.1.2	Bryggje og brønnbåt .....	22
5.1.3	Endre status eldre trebygg .....	22
5.2	Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet .....	22
<b>6</b>	<b>Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omjevnader (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f) .....</b>	<b>23</b>
<b>7</b>	<b>Samfunnstryggleik (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i) .....</b>	<b>23</b>
<b>8</b>	<b>Varsling (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j).....</b>	<b>23</b>
<b>9</b>	<b>Medverknad og samarbeid (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k) .....</b>	<b>23</b>
<b>10</b>	<b>Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l) .....</b>	<b>24</b>
10.1	Vurdering .....	24
10.2	Konklusjon .....	26
<b>11</b>	<b>Referansar .....</b>	<b>27</b>



## 1 Innleiing

Bjørsvik detaljregulering gjennomførte oppstartsmøte med Alver kommune i 2024. Prosjektet har sidan stått stille i påvente av avklaring om verna bygg innanfor området. Det er no ønskeleg å starte arbeidet med reguleringsplanen på nytt, og det må gjennomførast nytt oppstartsmøte, då oppstart av planen ikkje vart varsla før det hadde gått meir enn seks månader etter førre oppstartsmøte.

### 1.1 Forslagsstillar og plankonsulent

Lerøy Seafood Group er eit verdsleiande sjømatsselskap med røter tilbake til 1899. Kjerneverksemda til konsernet er produksjon av laks og aure, fangst av kvitfisk, vidareforedling, produktutvikling, marknadsføring, sal og distribusjon av sjømat.

Konsernet har tre heilintegreerte verdikjeder for produksjon av laks og aure i høvesvis Nord-Noreg, Midt-Noreg og Vest-Noreg. Verksemdene i dette segmentet – Lerøy Aurora (Nord), Lerøy Midt (Midt) og Lerøy Sjøtroll (Vest) – er betydelege arbeidsgjevarar langs norskekysten.

Planområdet ligg i Bjørsvika, ei vik til Osterfjorden, der næraste tettstad er Ostereidet. Anlegget i Bjørsvik har ei nøkkelrolle i Lerøy Vest si satsing på produksjon av aure.

#### **Opplysningar om forslagsstillar**

*Firma: Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk*

*Kontaktperson: Svein Nøttveit*

*E-post: svein.noettveit@leroyseafood.com*

*Telefon: 958 38 871*

#### **Opplysningar om fagkyndig/plankonsulent**

*Firma: Multiconsult AS*

*Kontaktperson: Linda Djuvik Sønstabø*

*E-post: LindaDjuvik.Sonstabo@multiconsult.no*

*Telefon: 911 26 977*

## 2 Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av det eksisterande settefiskanlegget i Bjørsvik, Alver kommune. Tiltaket omfattar:

- Ny produksjonshall (om lag 1 000 m<sup>2</sup>) på fylling i sjø for å auke kapasiteten og betre fiskevelferda.
- Ny kai/flytebrygge (minimum 70 meter) tilpassa større brønnbåtar, med mudring av grunne for å oppnå ei djupne på minst 8 meter.
- Tilrettelegging for effektiv logistikk og redusert transport på veg.



- Mogleg tilpassing av SEFRAK-registrert trebygning (mølle) til næringsbruk i tråd med antikvariske prinsipp, jf. *Oppstartsmøtereferat 19.02.2026*. (1)

Planen skal erstatte gjeldande reguleringsplan (PlanID 4631\_1263-200704) og sikre ei berekraftig utvikling i tråd med nasjonale og kommunale mål. Gjeldande reguleringsplan opnar for næringsbygningar, kombinerte føremål for samferdsleanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear og ferdsel. Ny plan legg opp til ein utviding av næringsområdet, med tilhøyrande kai og ferdselsområde.

Bakgrunn for planendringa er å leggje til rette for auka oppdrettsvolum på land ved å skape plass til fleire fiskekar. Dette vil gje betre plass til fisken og styrkje fiskevelferda i produksjonen på land. Ny kai for større båtar vil bidra til meir effektiv uttransport av fisk. Tiltaka gir større fleksibilitet når det gjeld storleik på fisken og tidspunkt for utsetjing. Produsenten vil i større grad kunne setje ut fisk på rett tid for produksjonen i sjø, og slik oppnå betre fiskevelferd også i sjø.

### 3 Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

#### 3.1 Statlege retningslinjer og overordna planar

##### 3.1.1 Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2023-2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Punkt 4.1 handlar om grøn omstilling i næringslivet. Utvikling innan mellom anna akvakultur er ei næring som er viktig for å skape fleire lønsame arbeidsplassar og auke den samla verdiskapinga og eksportinntektene. Kystsona er under aukande press, og oppdaterte planar er viktige for å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa.

##### 3.1.2 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.

Klima- og miljødepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) gir føringar for planlegging av arealbruk i støyutsette område, samt område der det vert lagt til rette for støyande verksemder (1). Retningslinja er rettleiande og ikkje rettsleg bindande, men statlege styresmakter kan gje innsigelse dersom det vert gjort vesentlege avvik.

##### 3.1.3 Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging

Retningslinje T-1520 er ei statleg tilråding om korleis luftkvalitet bør handterast i kommunane si arealplanlegging. Formålet med retningslinja er å førebyggje helseeffektar av luftforureining gjennom god arealplanlegging. (2)

##### 3.1.4 Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024), fastsatt 20.12.2024

Formålet er å sikre at klima og energi vert vektlagt i planlegginga. Staten, fylkeskommunane og kommunane skal gjennom planlegging stimulere og bidra til ytterlegare reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal òg bidra til at samfunnet vert førebudd på og tilpassa klimaendringane.

##### 3.1.5 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995), fastsatt 20.09.1995

Formålet er å synleggjere og styrkje barn og unge sine interesser i planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova, gje kommunane betre grunnlag for å ivareta desse interessene, samt betre grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn.

### 3.1.6 Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, fastsatt 24.01.2025

Formålet med retningslinjene er å sikre ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosessar.

Retningslinjene skal fremje eit lågutsleppssamfunn gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Arealbruken skal leggje til rette for gode mobilitetsløyser og redusert transportbehov. Planlegginga skal òg leggje til rette for tilstrekkeleg bustadbygging og næringsutvikling, med vekt på gode regionale løyser.

I regionar med større byar og høgt utbyggingspress skal retningslinjene særleg bidra til effektiv arealbruk gjennom samordning av utbyggingsmønster og transportsystem.

I distriktsområde med lågt utbyggingspress, lågt folketal og/eller negativ befolkningsutvikling skal retningslinjene særleg bidra til utvikling av levedyktige lokalsamfunn.

### 3.1.7 Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Formålet er å sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen, ivareta natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser, samt unngå uheldig bygging. Retningslinjene skal bidra til berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål.

## 3.2 Regionale planar og føringar

### 3.2.1 Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033 for Vestland fylkeskommune peikar på at akvakultur og fiskeri er viktige næringer, men at dei skal nyttast innanfor berekraftige rammer. (2)

### 3.2.2 Andre regionale retningslinjer som gjeld for planområdet:

- Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017-2028
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional plan for vassregion Hordaland
- Rapport: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland

## 3.3 Lokale planar og føringar

### 3.3.1 Gjeldande kommuneplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2034 framhevar at kommunen skal utnytte potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område. Kommunen ønskjer å aktivt leggje til rette for berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område. (4)

Gjeldande arealdel i kommuneplanen er frå den tidlegare kommunen Lindås, vedteken 15.10.2019, og gjeld fram til ny kommuneplan for Alver kommune vert vedteken.


Planområdet er i kommuneplanen (KPA) i hovudsak sett av til akvakultur, bruk og vern av sjø og

vassdrag med tilhørende strandsone og LNFR. Delar av planområdet ligg innanfor omsynssonene H310 Ras- og skredfare, H570 Bevaring kulturmiljø og H560 Bevaring naturmiljø, samt bandleggingssona H740 Bandlegging etter anna lovverk og detaljeringssona H910 Reguleringsplan skal framleis gjelde.

Utviding av næringsområdet som vert foreslått i dette planinitiativet er ikkje i samsvar med KPA, då arealbruken endrast frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone og LNFR-formål til næringsbygningar og ferdsel. Tiltaket er i samsvar med samfunnsdelen om satsing på kystnære område og auka produksjon og eksport.

Føresegner med særskilde føringar til planarbeidet:


3.5.3 I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg. Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3. (5)



Figur 3-1 Kartutsnitt frå gjeldande kommuneplan. Planområde markert som raudt. Planområdet er sett av til akvakultur (rosa), bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (blå) og LNFR (grøn). Kjelde: Nordhordlandskart.no/Alver

### 3.3.2 Interkommunalplan for sjøareal, Nordhordland





Planområdet er ein del av interkommunal plan for sjøareal, vedteken 03.10.2023. Austsida av vika er avsett som omsynssoner med særleg angitt omsyn, bevaring kulturmiljø, og delar av planområdet ligg innafør H310 skred og rasfare. Planområdet er også omfatta av ein mindre del av omsynssona H560 Bevaring naturmiljø (nasjonal laksefjord) som dekker heile det indre fjordsystemet, sjå Figur 3-2 under.



Figur 3-2 Utsnitt av KPA l-sjøareal. Førebels planområde er markert med lilla strek. Kjelde: Alver kommune.




Teiknforklaring:

#### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØRENDE STRANDSONE (PBL § 11-7, nr 6)


	BSV	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
	AKV	Akvakultur
	FV	Friluftsområde
	VK	Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone

#### HENSYNSONER (PBL § 11-8)

##### SONER MED SÆRLIG ANGITT HENSYN

	F310	Hensyn friluftsliv
	F550	Hensyn landskap
	F560	Bevaring naturmiljø

#### FARESONE

	F310	Ras- og skredfare
--	------	-------------------

### 3.3.3 Stategisk næringsplan 2023-2035

Strategisk næringsplan 2023–2035 for Alver kommune peikar på at dersom produksjonen og eksporten av havbruk skal auke i tråd med overordna mål, må område for produksjon utvidast. Kommunen må satse meir på teknologiutvikling og lukka anlegg. (3)

### 3.3.4 Andre lokale retningslinjer som gjeld for planområdet:


- Temaplan for trafikksikring
- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035
- Kommunedelplan for klima og energi (Lindås)

## 3.4 Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan er «Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS» (PlanID 4631\_1263-200704, vedteken 11.03.2010). Planen regulerer området til næringsbygningar, kombinerte føremål for samferdsleanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear og ferdsel, samt




faresone H310 Ras- og skredfare og H570 Bevaring kulturmiljø. Det er vedtatt ei mindre reguleringsendring i 2018.



Figur 3-3 Reguleringsplan «Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS» 4631\_1263-200704. Kjelde: Nordhordlandskart.no/Alver

### 3.5 Tilgrensande planar

Planområdet vert kopla direkte til E39 Molvikkrysset (PlanID 1263-201703) i nord, som regulerer krysset mot E39. Andre planar i området som ikkje er direkte tilknytt planområdet er Områderegulering Ostereidet (PlanID 1263-201802), Ostereidet Senter-Kisthaugane utviding (1263-200101), Eikhovden (PlanID 1263-201511), Dyrhovden (PlanID 1263-23091999) og Ostereidet B4 (PlanID 1263-07011985) i vest.



Figur 3-4 Tilgrensande planar, planID vist i tekstboksar. Kjelde: nordhordlandskart.no/alver

### 3.6 Forholdet til eventuelt pågående planarbeid

Kommuneplanens arealdel er under revisjon. Planforslaget ligg ute til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn fram til 24. november 2025. Fram til ny arealplan er vedteken gjeld eksisterande arealdel frå 2019 (Lindås 2019-2031).

### 3.7 Naudsynte løyve etter anna lovverk

Eksisterande anlegg har konsesjon med tilhøyrande utsleppsløyve for årleg produksjon av 1 200 tonn etter akvakulturlova. Planinitiativet legg eksisterande løyve til grunn.

Det er ikkje planlagt tiltak eller omfang som krev ny eller endra konsesjon etter akvakulturlova.

Tiltakshavar har konsesjon etter vassressurslova for regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet. Det er ikkje planlagt å endre uttak av ferskvatn eller andre tilhøve som krev endring av konsesjon frå NVE.

Tiltak med større båt og ny kai krev løyve etter hamne- og farvannslova.


## 4 Planområdet og omgjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b)

### 4.1 Førebels plangrense.

Førebels plangrense omfattar eksisterande reguleringsplan, i tillegg til meir sjøareal og landareal mot sør. Det kom inn innspel frå kommunen til oppstartsmøtet om at Bjørsvikvegen burde inkluderast i reguleringsplanen. Varslingsområdet tek dermed med nok areal rundt Bjørsvikvegen fram til plangrensa til E39 Molvikkrysset (PlanID 1263-201703) i nord. Førebels planområde er om lag 91,4 daa. Planavgrensinga kan bli redusert i løpet av planprosessen.



Figur 4-1: Tiltaksområdets lokalisering. Kjelde: nordhordlandskart.no/alver



Figur 4-2 Førabels plangrense er vist med svart stipla linje.

## 4.2 Skildring av eksisterande tiltak og sjøbotn

Planområdet er lokalisert i Bjørsvik, ei sidevik til Osterfjorden. Næraste tettstad er Ostereidet.

Storleiken på førabels planområde er ca. 91,4 daa. Området har i fleire år vert brukt til settefiskanlegg. I starten var produksjonen av smolt i den tidlegare konserveringsfabrikken for sardinar.

Akvakulturnæringa har sidan den gong vore i stadig utvikling, noko som har gjort at ein no byggjer komplette anlegg (settefiskanlegg) i hallar og ikkje lenger har utvendige fiskekar, som eksisterande reguleringsplan opna for.


Settefiskanlegget har ein driftsbygning (dei eldre fabrikkbygningane) med klekkeri og startfôringshall. Båtar henter fisk frå dette anlegget i dag, dei har ei bruttotonn vekt på 462.

Mesteparten av startfôringa foregår i dei nye hallane. Til oppvarming av vatn nyttast ein kombinasjon av varmpumpe og varmevekslar med sjøvatn i den kalde årstida. Produksjonen har auka gradvis i forhold til det som har vore tilgjengeleg av kar.

Ferskvatnet kjem frå Husdalsvatnet, som ligg ca. 40 meter høgare enn anlegget.


Anlegget har tilgang på ferskvatn heile året. Vatnet går ved sjølvfall gjennom anlegget.

Eksisterande bygg ligg inntil ei relativt bratt bergside, sjå foto på forsida av dokumentet Den eldre fabrikkbygningen ligg lengst nord, fråskilt frå dei andre produksjonslokala. To kraftleidningar krysser søndre del av planområdet.



Figur 4-3 Terrangsnitt der eksisterande produksjonshall står. Snittet viser berre terreng og ikkje bygg.

Det er fortatt en bunnskanning i sjøområdet, se utsnitt under. Karte syner at det er større djupne langs under kraftledningane.



Figur 4-4 Djupnekart. Dagens flytebrygge i nord (to parallelle raude linjer) Kilde: Lerøy



Tabell 1: Sentrale eigedomar

Gnr/bnr	Eigar
231/6-7, 26, 46-47, 49	Lerøy Vest AS
229/6	Lerøy Vest AS
229/9	Lerøy Vest As
229/1-2	Bjarne Magnar Trefall


### 4.3 Skildring av nærområdet

#### 4.3.1 Naturmangfald

I sjø- og landområda kring Bjørsvik er det i følgje Artskart registrert fleirbørstemarken *Owenia borealis*, samt raudlisteartane bergand, gråmåke, fiskemåke, grønfink, havelle og storskarv. Bergand har status på norsk raudliste for artar som er sterkt trua, men vart berre observert ein gong i 1999. Gråmåke, fiskemåke og grønfink har status på norsk raudliste for artar som «sårbar», og vert difor definert som artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Havelle og Storskarv har status som «nær truga» som definerer den som art med stor forvaltningsinteresse. *Owenia borealis* er norsk ansvarsart, dvs. at 25 % eller meir av europeisk bestand kan finnast i Noreg. Desse artane vert vurdert å vera av særleg stor forvaltningsinteresse, sjå Figur 4-5 Utsnitt frå Artskart som synar registrerte og observerte artar med raudlistestatus i aktuelle området, samt funksjonsområde for Kvinand og toppand (blått felt). Kjelde: artskart.artsdatabanken.no. (6)

I følgje artskart er det registrert eit funksjonsområde for dei livskraftige artane kvinand og toppand i sjøområdet. Området sin funksjon skal primært vera knytt til beiting for opptil 1.200 kvinender og nokre titals toppender utanfor eksisterande settefiskanlegg. Funksjonsområdet er sett av som bevaring av naturmiljø i kommuneplanen til Lindås kommune. (6)

Det er ikkje registrert framand skadelege artar i følge artskart (6). Det er heller ikkje registrert særskilde naturtypar innanfor eller i direkte tilknytning til planområdet (7).



Figur 4-5 Utsnitt frå Artskart som synar registrerte og observerte artar med raudlistestatus i aktuelle området, samt funksjonsområde for Kvinand og toppand (blått felt). Kjelde: artskart.artsdatabanken.no

#### 4.3.2 Naturmangfald i sjø

Multiconsult Norge AS gjennomførte ein marin naturkartlegging i tiltaksområdet og tilstøytande område i 2025 (jf. rapport 10258928-01-RIM-RAP-001 «Naturkartlegging i sjø, Bjørsvik»). ROV-undersøkinga viser at området består av vanleg natur, og det vart ikkje observert særleg verdifulle naturtypar. Det vart observert forgreina koloniar av kalkalgar i Grunnevågen, nord i undersøkingområdet. Desse veks på mindre stein/grus og ikkje som laustliggjande form.

Det vart ikkje funne raudlista artar. Av norske ansvarsartar vart det observert sukkertare (enkeltplanter), lyr, brosme og lusuer. På blautbotn i dei djupare områda i Osterfjorden utanfor munningen av Bjørsvik vart bunntypen «gravande megafauna» observert. Rødalgen rødlo/krokbærer vart observert. Rødlo er ein framandart med kategori SE – svært høg risiko. På Vestlandet er arten svært vanleg, og ein av dei mest vanlege duskforma rødalgene i fjæresona. Det er difor vanskeleg å gjere effektive tiltak mot spreing av denne arten.

Nærområda til Bjørsvik overlappar med definert gyteområde for torsk. Det vart observert torskefisk som lyr og brosme.


I nordlege delar av området, samt i fjæra ved rørgatene til settefiskanlegget, vart det observert høg dekningsgrad av hurtigvoksande algar i form av lurv. Lurven voks både som påvekst på tangbeltet og som lause algematter over blautbotn. Dette er indikatorar på eutrofiering, der ein har forhøgde næringsverdiar i vassmassene som fører til oppblomstring av hurtigvoksande opportunistiske artar.

### 4.3.3 Naturressursar

#### Skogbruk

Delar av gnr./bnr. 229/9 utgjer skogareal, men denne skogen er definert som uproduktiv med impediment som bonitetsgrad. I følge NIBIO sitt SatSkog- prosjekt er skogarealet dominert av furu (73 %), medan gran utgjer om lag 25 % og lauvskog 2 %. Alderen på skogen er på om lag 71 år. (8)

I kommuneplanen er større delar av planområdet avsatt til LNF, men det er ingen overflatedyrka jord innanfor planområdet.



Figur 4-6 Utsnitt frå AR5-kart med planområde (blå). Kjelde: fylkesatlas.no

#### Mineralressursar

I følge NGU er lausmassetypen i området «bart fjell». Denne typen vert nytta om område kor det stort sett manglar lausmassar, og meir enn 50 % av arealet er berg/fjell i dagen. (9)

Berggrunnen i området er primært samansett av monzogranittisk til granodiorittisk gneis. Denne bergarten har ein fin- til middelskorna karakteristikk, og er grå i farge. (9)

Det er ikkje registrert førekomst eller prospekt av grus- eller pukkressursar (byggjeråstoff), industrimineralar, naturstein eller metall i eller i nærleiken av planområdet. (9)

#### 4.3.4 Fiskeri

Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for fisk i sjøområdet inne i Bjørsvik, men heile vassførekomsten Osterfjorden er angitt som gytefelt for torsk: Kysttorsk sør for 62 grader N. Området (Øst av Fyllingsnes) er definert som et regionalt viktig gytefelt. Ca. 4 km øst for Bjørsvik ligger området definert som nasjonal laksefjord (Fjordene rundt Osterøy). (9) Det er heller ikkje registrert skjelførekomst, rekefelt eller låsettingsplassar. Nærmaste registrerte fiskeriaktivitet med reiskap er sørvest for Bjørsvik, hovudsakleg for fritidsfiske. (10)

#### 4.3.5 Vanmiljø

Bjørsvik er ein del av vassførekomsten Osterfjorden (0261020800-3-C). Osterfjorden er definert som ferskvasspåverka, beskytta fjord (M4).

- Økologisk tilstand: moderat, basert på tilstand for makroalgesamfunn og overskridingar for fleire vassregionspesifikke stoff (PAH-forbindelsar, sink).
- Oksygenforhold i botnvatn: god.
- Kjemisk tilstand: dårleg, basert på overskridingar for fleire prioriterte stoff (PAH-forbindelsar, nikkel, TBT). (9)

#### 4.3.6 Friluftsliv

Det er ikkje registrert friluftslivsverdiar innanfor- eller i nærleiken av planområdet, jfr. Naturbase. (7)

#### 4.3.7 Landskap

Landskapet rundt Bjørsvik er prega av slak stigning frå fjorden mot nordvest i dei bygde områda, medan i nord (bak eksisterande anlegg) og sør er det bratt terreng. (12)



Figur 4-7 Illustrasjonen syner planområdet sine omgjevnadar og landskap. Kjelde: Geodata

#### 4.3.8 Forureining

Det er ikke registret forureina grunn i Bjørsvik, jfr. Naturbase.

#### 4.3.9 Naturfarar

Store delar av Bjørsvik er innanfor faresona Ras- og skredfare i kommuneplanen til Lindås kom mune (5). Eksisterande anlegg ligg ikkje innanfor 200-års stormflosona for 2100. Ein mindre del av tilkomstvegen ligg innanfor stormflosona, jf. Kartverket. Elva som kjem frå Husdalsvatnet ligg innanfor aktsemdområde for flaum.

Planområdet ligg, som store delar av Bjørsvik, under marin grense, jfr. NGU.


#### 4.3.10 Samferdsel og infrastruktur

Det er planlagt tilkomst frå kommunal veg, Bjørsvikvegen, som eksisterande anlegg nyttar i dag. Det føreligg ikkje tilgjengelege målingar for ÅDT for vegstrekinga, men basert på kjennskap til plassen vert det vurdert at det er lite trafikk på den kommunale vegen. Kommunen har gitt tilbakemeldingar på at den kommunal vegen Bjørsvikvegen er smal og ikkje i særleg god stand frå etter krysset mot Eidavegen og ned mot Bjørsvik kai.

#### Båttrafikk

Kystverket har sporingar for båttrafikk i området, for kommersielle fartøy (AIS klasse A), og lystbåt (klasse B). Sporingssystemet er påbudt for alle passasjerskip, samt for lasteskip med lengde 12 meter eller meir. (14)

Sporingane viser at det er nærare 50 fritidsbåtpasseringar ved eksisterande anlegg, og rundt 200 passeringar med kommersielle fartøy, sjå Figur 4-9 Sporinger for AIS A (venstre figur) og AIS B. Kjelde: kystverket.



Figur 4-8 Utsnitt av kart med 200-års stormflosone og aktsemdomsområde for flaum.




Figur 4-9 Springer for AIS A (venstre figur) og AIS B. Kjelde: kystverket

#### 4.3.11 Kulturminne

Ifølgje kulturminnesøk er det ingen registrerte kulturminner i området. I kommuneplanen til Lindås kommune er eit større område i Bjørsvik sett av for bevaring av kulturminne etter plan- og bygningslova §11-8 bokstav c. Det står skrive i kulturminneplanen til Lindås kommune at Bjørsvik er ein av dei eldste og viktigaste industristadene i Nordhordland. Allereie på 1600-talet var det sagbruk og bekkverk i Bjørsvik, og utvikla seg så vidare til ein liten tettstad med dampskipskai, daglegvarebutikk, posthus, telefonsentral, skulehus, bedehus og ungdomshus. (15).

Store delar av bygningsmassen i Bjørsvik er SEFRAK registrert<sup>1)</sup>, men ingen av bygningane er freda. Innanfor planområdet er den gamle sardinfabrikken SEFRAK-registrert. (7) Industribygget har hatt ei viktig historisk rolle i utviklinga av Bjørsvik. På 1800-talet vart bygningen reist og nytta som mølle før mølleverksemda vart lagt ned i 1936. Mellom 1946 og 1980 vart bygningen nytta som sardinfabrikk med 130 tilsette. I dag vert bygningane nytta til klekkeri og startforingshall for akvakulturanlegget. (15).

<sup>1)</sup> SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er et nasjonalt register over eldre bygninger, de fleste bygd før år 1900. Registreringene ble gjort i årene 1975-1995, og hver bygning er kartfestet, oppmålt og fotografert i et eget skjema.



Figur 4-10 Til venstre: SEFRAK-registrerte bygningar i Bjørsvik med plangrense (rosa) . Til høgre: Eldre bilete av Bjørsvik og industribygningane. Bilete er av ukjent opphav. (16)

#### 4.4 Stadanalyse

Området er allerede opparbeidd og utbygd, og ein stadanalyse vil i praksis ikkje tilføre relevant informasjon til det vidare planarbeidet, då endringane er små. Det er derfor ikkje utarbeidd ei stadsanalyse.

### 5 Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)

#### 5.1 Skildring av tiltaket

Tiltaket omfattar:

- Ny produksjonshall (ca. 1 000 m<sup>2</sup>) på fylling i sjø for å auke kapasitet og betre fiskevelferd.
- Ny kai/flytebryggje (min. 70 m) for større brønnbåtar, med mudring av grunne for å oppnå djupne på minst 8 meter.
- Tilrettelegging for effektiv logistikk og redusert transport på veg.
- Mogleg tilpassing av SEFRAK-registrert trebygning (mølle) til næringsbruk i tråd med antikvariske prinsipp, jf. *Oppstartsmøtereferat 19.02.2026*.

Scanning av sjødjupne viser at det er grunnere langs land lenger ute i vika, det gir mindre fyllingsbehov. Korleis brygga skal byggjast og kor langt sør ny hall og bryggje vert plassert, vert avklart i planprosessen.

##### 5.1.1 Ny produksjonshall

Det skal etablerast ein ny produksjonshall. Det er planlagt same type bygg som i gjeldande plan, med same høgde kote +16 m, lengde ca. 50 meter bredde ca. 20 meter og med grunnflate ca. 1.000 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad vert omlag 75 % (BYA), same som i gjeldande plan. Anlegget ligg ved ei bratt bergside, det er føretatt rassikring. Utvidinga vil difor ikkje skje mot rassikra område, men ved fylling i sjø. Storleik på fylling, fyllingsutslag, mengde massar og plassering, vert berekna i den vidare planprosessen.

Tiltaket nyttar vatn frå Husdalsvatnet til produksjonen, og avløpsvatnet har utslepp på ca. 37 meters djupne ute i Bjørsvikfjorden. Det planlagde tiltaket endrar ikkje på dette. Det er ikkje trong for å ta ut meir vatn frå Husdalsvatnet.

Det er i gjeldande reguleringsplan teke omsyn til framtidig havnivåstigning gjennom etablering av anlegget på kote +3.5. Dette vil vidareførast i reguleringsplanen.

### 5.1.2 Bryggje og brønnbåt

Den eksisterande flytebrygga som vert nytta i samband med lasting av fisk skal erstattast av ein ny bryggje som vert plassert på utsida av den lange hallen og vidare sørover. Ein funksjonell kai bør vera minimum 70 meter lang slik at brønnbåtane kan vere fortøydd i ein stabil konstruksjon. Frå produksjonshallane vert fisken ført over i brønnbåten via transportrøyr. Det er ikkje avklart om det vert ei ny flytebryggje eller om den vert bygd som ein fast konstruksjon.

Nyare båtar er moderniserte og støysvake. Dei nye brønnbåtane har også ei hybridløyning med batteri og er difor vesentleg betre energimessig i høve til klimautslepp. Den nye båten som skal nyttast veg ca. 2 998 bruttotonn, med lengde ca. 70 meter og bredde ca 17 meter. Sjødjupna bør vere minst 8 meter.

Scanning av sjøbotnen syner at ei grunne (topp kote -6 m) i innseglinga til Bjørsvikvågansom som må fjernast for å få tilstrekkeleg djupne. Arealet er stipulert til om lag 705 m<sup>2</sup>, og eit samla volum på 760 m<sup>3</sup>.

### 5.1.3 Endre status eldre trebygg

Det eksisterande gamle trebygget er føresett bevart i gjeldande reguleringsplan. Omsynssone «bevaring kulturmiljø» omfattar bygget og kaiområdet framfor trebygget. Til oppstart er det utarbeida tilstandsanalyser av hovudbygningen, mellombygningen og sidebygningen, samt Byggmølla. Rapportane konkluderer med at bygga i dag er prega av eit omfattande omfang av fukt- og råteproblematikk, som har ført til betydelege svekkingar og skadar, særleg kritiske for bærekonstruksjonar og golv.

Med omsyn til tilstandsgrader gitt i tilstandsregistreringa, vekta etter bygningsdelars betydning, blir den overordna tiltaksklassifiseringa for hovudbygg, sidebygg og mellombygg knytt til Bjørsvik-anlegget vurdert til tiltaksklasse (TK) 3, medan Byggmølle blir vurdert til tiltaksklasse (TK) 2, jf. 10258928-02-RIB-RAP-002\_Rev01 Tilstandsrapport Byggmølle (8) og 10258928-02-RIB-RAP-001\_Rev01 Tilstandsrapport Hovedbygning (9)

Forslagsstillar har trong for meir produksjonsareal og ein vil i planprosessen vurdere om desse bygga kan endrast og tilpassast dagens produksjonskrav i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kommunen, fylkeskommunen og Kulturverntenesta i Nordhordland, jf. *Oppstartsmøtereferat 19.02.2026*.

## 5.2 Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet

Forslagsstillar har satt vitkapsbaserte mål for å nå klimamåla i Parisavtalen og tar gjennom dette eit ansvar for å avgrensa den globale oppvarminga. Selskapet forpliktar seg til 46% utsleppsreduksjon (Område (Scope) 1+2+3) innan 2030 med basisår 2019. ( 1,5 graders mål). Nye meir effektive båtar vil gje mindre utslepp.

Landbaserte anlegg, der produksjonen skjer under svært kontrollerte forhold, vil lettare kunne dokumentere fotavtrykket som denne produksjonen gjev. Vidare har landbaserte anlegg god kontroll på oppdrettsvilkåra (som til dømes vasskvalitet, sjukdomskontroll, etc.), god kontroll av utslepp og



forureining, oppsamling og behandling av slam, samt god kontroll for å unngå rømming av fisk. I eit overordna perspektiv vil difor eit landbasert anlegg ha mange fordelar framfor tradisjonelt merdoppdrett i sjø for delar av produksjonstida.

## **6 Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader** (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

Tiltaket får ein verknad på arealbruken i området og medfører terrenginngrep. Arealbruken endrast frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNFR-formål til næringsbygningar og ferdsel. Landskapet vert endra som følge av utfylling i sjø, der nytt bygg skal etablerast, i tillegg til utviding av areal inn mot fjellskråninga. Ei mindre grunne i sjø må fjernast for å sikre tilstrekkeleg seglingsdjupne for brønnbåtar. Arealet av grunna som må fjernast er estimert til om lag 705 m<sup>2</sup>, og eit samla volum på 760 m<sup>3</sup>. Dette, saman med etablering av flytekaien med minimum 70 m lengde, vil endre dagens landskap og kan gi negativ visuell påverknad på dagens landskap.

Det er 4-5 km mellom registret laksevassdrag (H560) og smoltanlegget. Laksebestandane som inngår i laksevassdraget skal beskyttast mot inngrep og aktivitetar i vassdrag og nærliggjande fjord- og kystområde, jfr. interkommunal plan for sjøområda. Det må av den grunn gjerast ei vurdering av om dei planlagde tiltak kan ha noko innverknad på laksevassdraget.

Summen av desse tiltaka vil gjere at større brønnbåtar kan forankre seg i ein stabil konstruksjon og på den måten sikre trygge leveringar både for folk og fisk. Det medfører færre anløp da båtane har større lastekapasitet i høve til båtar som har vore nytta fram til no, i tillegg til at nyare båtar er moderniserte og støysvake. Dei nye brønnbåtane har også ei hybridløysing med batteri og er difor vesentleg betre energimessig i høve til klimautslepp. Alternativet til større brønnbåtar vil vere at transporten må skje med bil. Det kan være belastande for vegnett og nabolag, med opp mot 1.000 transportar årleg. Bruk av dei nye, større brønnbåtane vil gje positive verknader både i og utanfor planområdet.

## **7 Samfunnstryggleik** (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

Oppdrett på land representerer ein vesentleg meir kontrollerbar produksjon og kontroll med biologisk avfall enn produksjon i sjø. Risiko for fiskerømming frå landanlegg er tilnærma eliminert ved fysiske barrierar. Dette er regulert gjennom forskrift, standard og rettlaiar i NS 9416 om rømmingssikkerhet. Tiltaket med auka produksjon på land vil dermed i seg sjølv ikkje medføra auka samfunnsrisiko.

Det landbaserte akvakulturanlegget i Bjørsvik er avhengig av at infrastruktur fungerer kontinuerleg året rundt. Kraft- og vasstilgang er det viktigaste, og for å redusera risikoen vil det bli planlagt med dupliserte system, eventuelt alternative naudstraumskjelder.

## **8 Varsling** (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j)

I samband med varsel om oppstart må det utarbeidast oversikt over offentlege instansar og andre interessentar som skal varslast.

## **9 Medverknad og samarbeid** (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

Lovfesta medverknad vil bli følgd opp i planprosessen, i form av varsling om oppstart og vidare gjennom 1. gongs handsaming av reguleringsplanen.

Det kan vidare vere aktuelt å invitera naboar og andre interessentar til informasjonsmøte i løpet av planprosessen. Det er eit prioritert mål å etablere eit godt samarbeid med lokale interessentar, slik at



ein i størst mogleg grad reduserer usikkerheit og moglege interessekonfliktar. Dette vert vurdert i samråd med kommunen i merknadsmøte etter oppstart.

## 10 Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l)

### 10.1 Vurdering

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 - planer, som omfattar tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Planen legg til rette for tiltak i Vedlegg I, jfr.nr. 8 - tiltak der skip over 1 350 tonn kan segle.

Tiltaket fell også inn under § 8 - Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Planen regulerer næringsbygg, som er eit tiltak omfatta av vedlegg II nr. 11 j, planen tilrettelegg for næringsbygg med bruksareal mindre enn 15 000m<sup>2</sup>.

For å vurdere om tiltaket får vesentlege verknader for miljø og samfunn sjåast det til kriterier presisert i § 10, samt verknader av lokalisering og påverknad. Om eit tiltak får vesentlege verknader for miljø og samfunn, vert vurdert etter eigenskapar med planen etter kriterier som er lista opp i §10:

<i>Kriterium, § 10: Eigenskapar ved planen eller tiltaket:</i>	<i>Kommentar:</i>
<i>storleik, planområde og utforming</i>	<i>Tiltaket inneber eit nybygg på omlag 1000 m<sup>2</sup>. Arealet som det er aktuelt å bygge på ligg skjerna i terrenget med eit høgare nivå i nord. Planområdet er på ca. 91,4 daa. Det er vurdert at storleiken ikkje er tilstrekkeleg for å utløyse krav om konsekvensutgreiing.</i>
<i>bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar</i>	<i>Planen legg til rette for bygging på fylling i sjø i tillegg til utviding av areal inn mot fjellskråning i bakkant. Det medfører inngrep i eit skogholt og fjell, samt utfylling i sjø. Det er ikkje venta omfattande bruk av naturressursar, og bruken av naturressursar utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.</i>
<i>avfallsproduksjon og utslepp</i>	<i>Det er venta at tiltaket bidrar til klimagassutslepp, støv og støy i anleggsfasen, frå byggematerial og transport. Det er derimot vurdert at utsleppa ikkje er vesentlege nok til å utløyse krav om konsekvensutgreiing. Oppdrett på land representerer ein vesentleg meir kontrollerbar produksjon og kontroll med biologisk avfall enn tilsvarande produksjonsvolum i sjø.</i>
<i>risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar</i>	<i>Planarbeidet er ikkje venta å føre til tiltak med særleg verksemdrisiko eller fare for alvorlege ulukker eller katastrofar. Det vil likevel alltiv vere ei viss risiko ved anleggsgjennomføring, t.d. ved sprengning og arbeid nær verksemd i drift. Som del av planarbeidet vil det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse kor uønskte hendingar identifiserast og vurderast nærmare.</i>



<i>§ 10: Lokalisering og påverknad på omgjevnadene omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller kome i konflikt med:</i>	<i>Kommentar:</i>
<i>verneområde etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalde naturtypar (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminneloven</i>	<i>Det er ingen verneområder innafor planen. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord.  Det er nylig gjennomført ein marin naturkartlegging i tiltaksområdet og tilstøytande område i 2025. Tema marint naturmangfold må utgreiast.</i>
<i>trua arter eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv</i>	<i>Planområdet ligg innanfor omsynssone bevaring av naturmiljø (H560) som er tilknytta det registrerte funksjonsområdet for dei livskraftige artane kvinand og toppand. Det er observert fleire raudlista fugleartar i nærleiken av eksisterande anlegg.  Dei gamle trebygningane i Bjørsvik er regulert med juridisk linje for bygg som skal bevarast og i tillegg omsynssone med bevaring kulturmiljø (H570). Bygningane er ikkje freda. Det er planlagt å vidareføre bevaring av kulturmiljø. Kulturmiljøet vert dermed ikkje påverka vesentlege nok til å utløyse krav om konsekvensutgreiing.  Tema naturmangfold må utgreiast.</i>
<i>statlege planretningslinjer, statlege planføresegner eller regionale planføresegner gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske føresegn eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77</i>	<i>Det er ikkje avdekka konflikt.</i>
<i>større omdisponering av områder avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd</i>	<i>Planforslaget legg ikkje opp til større omdisponering.</i>

<i>Auka belastning i områder der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride</i>	<i>Fjorden har moderat økologisk tilstand, basert på tilstand for makroalgesamfunn og overskridingar for fleire vassregionspesifikke stoff (PAH-forbindelsar, sink).  Oksygenforhold i botnvatn er god, medan kjemisk tilstand er dårleg, basert på overskridingar for fleire prioriterte stoff (PAH-forbindelsar, nikkel, TBT). (9)  Utfylling må dokumentere at miljøtilstanden ikkje forverrast.</i>
<i>konsekvensar for befolkningas helse, t.d. som følge av vatn- eller luftforureining</i>	<i>Utviding av verksemda er ikkje venta å gi konsekvensar for befolkningas helse. Det vil utarbeidast støyberekningar i planarbeidet.</i>
<i>vesentleg forureining eller klimagassutslepp</i>	<i>Utfylling i sjø kan føre til utslepp i sjø dersom ikkje rutinar/krav følgjast opp.</i>
<i>risiko for alvorlege ulykker som følge av naturfarar som ras, skred eller flaum</i>	<i>Heile Bjørsvik ligg innafør faresona Ras- og skredfare i kommuneplanen og heile planområdet er under marin grense, men vurderer ikkje at risiko for alvorlege ulykker i området vil stige som følge av tiltaket.</i>

## 10.2 Konklusjon

Det er vurdert at planendringa skal konsekvensutgreiast, og at det er krav om planprogram.

Planen fell uansett inn under §8, planer som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknader for miljø og samfunn etter kriteria som lista opp i §10. Tiltaket er vurdert etter kriteria i § 10. Planen skal konsekvensutgreiast etter nokre tema.

Planområdet dekker eit område der det er observert prioriterte artar, samt områder som er avsatt til omsynssone bevaring av naturmiljø. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord.

Tema naturmangfold i sjø og naturmangfold på land må utgreiast.



## 11 Referansar

1. **kommune, Alver.** *Oppstartsmøtereferat Bjørsvik.* 2026.
2. **Klima- og miljødepartementet.** *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).* s.l. : [www.miljodirektoratet.no/stoy](http://www.miljodirektoratet.no/stoy), 2016.
3. —. *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging.* 25.4.2012. T-1520.
4. **fylkeskommune, Vestland.** *Berekraftig verdiskaping.* 2021.
5. **kommune, Alver.** *Vår kommune, vår framtid.* [Online] <https://pub.framsikt.net/plan/alver/plan-d7ef753d-f176-4013-84b0-96b0f3c8cea2-10591/#/>.
6. **kommune, Lindås.** *Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031.* 2019.
7. **kommune, Alver.** *Strategisk næringsplan 2023-2035.* 2023.
8. **Artskart.** Artsdatabanken. [Online] 2024. [https://artskart.artsdatabanken.no/#map/-18261,6759181/14/background/greyMap/filter/%7B%22IncludeSubTaxonIds%22%3Atrue%2C%22Found%22%3A%5B2%5D%2C%22NotRecovered%22%3A%5B2%5D%2C%22Blocked%22%3A%5B2%5D%2C%22BoundingBox%22%3A%22POLYGON%20\(\(-19320.89527825375](https://artskart.artsdatabanken.no/#map/-18261,6759181/14/background/greyMap/filter/%7B%22IncludeSubTaxonIds%22%3Atrue%2C%22Found%22%3A%5B2%5D%2C%22NotRecovered%22%3A%5B2%5D%2C%22Blocked%22%3A%5B2%5D%2C%22BoundingBox%22%3A%22POLYGON%20((-19320.89527825375).
9. **Miljødirektoratet.** Naturbase kart. [Online] 2024. <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>.
10. **NIBIO.** Kilden. [Online] 2024. <https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&zoom=11.7&x=6759299.58&y=-18606.35&bgLayer=graaatone>.
11. **NGU.** Geologiske kart. [Online] 2024. <https://www.ngu.no/geologiske-kart>.
12. **Multiconsult.** *10258928-01-RIM-RAP-001 Naturkartlegging i Sjø, Bjørsvik.* 2025.
13. **Fiskeridirektoratet.** Kart - Alle tema. [Online] 2024. <https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/webappviewer/index.html?id=9aeb8c0425c3478ea021771a22d43476>.
14. **Geodata.** [Online] 2024. <https://geodata.maps.arcgis.com/apps/instant/3dviewer/index.html?appid=783344ac25ce4b30b7efdb3637a3a9d4>.
15. **Kartverket.** Se havnivå i kart. [Online] 2024. [https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart?zoom=18&center=-25657,6513157&locationId=1074394&year=2017&layer=stormflo20ar\\_klimaarna](https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart?zoom=18&center=-25657,6513157&locationId=1074394&year=2017&layer=stormflo20ar_klimaarna).
16. **Kystverket.** Kystinfo. [Online] 2024. <https://a3.kystverket.no/kystinfo>.
17. **kommune, Lindås.** *Kulturminneplan 2011-2021.* 2011.
18. **Fyllingsnes, Frode.** *Industristaden Bjørsvik.* [Online] Kulturnett Hordaland, 2014. <https://digitaltmuseum.no/011085441742/industristaden-bjorsvik>.
19. **Multiconsult.** *Tilstandsanalyse SEFRAK-bygg (Bjørsvik).* 2026.
20. —. *Tilstandsanalyse SEFRAK-bygg (Bjørsvik).* 2026.
21. **Regjeringen.** Regjeringen.no. *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.* [Online] 2021. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/>.
22. **Vann-nett.** Vann-nett. [Online] 2024. <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0261020800-3-C>.